



Snart klart for slep til Sunnmøre: Supplybåt 2 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eidsvik Skipsbyggeri fekk sist veke den skuffande meldinga om at verftet likevel ikkje får utrusta supplybåt nummer 2 som har lege lenge i Uskedalen. Det ville ha vore eit oppdrag til 320 millionar kroner.

Også mange lokale underentreprenørar mistar hardt tiltrengte oppdrag.

No blir skroget gjort klart for slep til Myklebust Verft ved Ulsteinvik og tapet av ordren fører til lengre permitteringar for dei tilsette enn alle hadde håpa. No er 40 permitterte.

Verftet har levert tilbud på nye fiskebåtar. Men sjølv om det blir tilslag på desse vil det gå lang tid før det vert arbeid på verftsområdet, skriv Kvinnheringen. Før utrustningsoppdrag kan starta, skal skroga byggjast. I mellomtida prøver ein å skaffa jobbar av ulike storleikar.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik er svært skuffa. Dei klamra seg i det lengste til håpet om at dei skulle få utrustningsoppdraget av Siem Meling Offshore etter at dei i april leverte "Siem Pilot" og fekk mykje ros av oppdragsgjevaren.

Opsjonen for søsterskipet vart aldri realisert og det lukkast ikkje reiarlaget å få til den finansieringsløyninga som det var lagt opp til i kontrakten. No har Kleven Maritime, som eig Myklebust Verft arrangert byggjelånsfinansiering for utrustninga.

Eidsvik svarar slik på spørsmålet om kva som er skilnaden på finansiering Kleven har fått til og den som ikkje gjekk i orden for Eidsvik:

-Eg kjenner ikkje nok til kva som har skjedd her.

Eidsvik har vore maksimalt uheldig med dei to supplybåtane. Det første skroget havarerte i Bosporus og det førte til at verftet var utan arbeid i 9 månadar. Då skrog nummer 2 kom, var det mange feil på det.

Av Ola Matti Mathisen

